



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
67/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	13.06.2016
58/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 614	14/1925

BRANNSIKRING KVARTALET DALETUNET OMSORGSSENTER

Vedlegg:

0A Oppsummering branntek. tilstandsvurderinger_resultatdok_revisjon00

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som strakstiltak for å lukke dei branntekniske avvika på Daletunet vert det løyvd kroner 1,20 millionar kroner. Midlane skal dekke prosjektering av sprinklaranlegg for omsorgsbustader frå 1991 og administrasjonsbygg frå 1930 samt utskifting av brannsentral frå 1991.

Det vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen vert bedt om å innarbeide resterande kostnader til lukking av brannaviket i budsjett for 2017.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 67/2016

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Som strakstiltak for å lukke dei branntekniske avvika på Daletunet vert det løyvd kroner 1,20 millionar kroner. Midlane skal dekke prosjektering av sprinklaranlegg for omsorgsbustader frå 1991 og administrasjonsbygg frå 1930 samt utskifting av brannsentral frå 1991.

Det vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen vert bedt om å innarbeide resterande kostnader til lukking av brannaviket i budsjett for 2017.

Kommunestyret - Sak 58/2016

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Som strakstiltak for å lukke dei branntekniske avvika på Daletunet vert det løyvd kroner 1,20 millionar kroner. Midlane skal dekke prosjektering av sprinklaranlegg for omsorgsbustader frå 1991 og administrasjonsbygg frå 1930 samt utskifting av brannsentral frå 1991.

Det vert det løyvd midlar gjennom budsjettjustering i Tertial 1-2016.

Rådmannen vert bedt om å innarbeide resterande kostnader til lukking av brannaviket i budsjett for 2017.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med handsaming av tilstandsrapport for helsebygg gjorde Kommunestyret i sak 10/2016 slikt vedtak:

«Rådmannen vert beden om å utarbeide sak til kommunestyret om vurdering av ulike alternativ for å lukke dei branntekniske avvika som er funnet i helsebygga, jamfør rapporten om oppsummering av branntekniske tilstandsvurderingar».

Vurdering

Rådmannen har vurdert dei branntekniske avvika i «Daletunkartalet» og anbefaler at utbetring at lukking av avvik skjer i tre trinn:

2016 Enkle tiltak (utført), utskifting av brannsentral samt prosjektering av sprinklaranlegg
2017 Lukking av vesentlege avvik
2018 Risikoreduserande tiltak

Årsaka til at ein gjere dette i tre trinn, er at ein ønskjer å sjå dei risikoreduserande tiltaka saman med prosjekt LevVel då det kan bli endringar i bruken av bygningsmassen som inngår i kvartalet Daletunet omsorgssenter.

Det er her tatt utgangspunkt i at bygningane som i dag utgjer kvartalet Daletunet omsorgssenter skal bestå, med tre bygningar som er knytt saman til ein eining.

Hovudelementa i avvika er:

Investeringsbudsjett	2016	2017	Sum
Ny brannsentral	600.000		600.000
Fullsprinkling omsorgsbustader 1991	400.000	1.200.000	1.600.000
Fullføring fullsprinkling adm.del, 1930 bygget	200.000	800.000	1.000.000
Bygningstekniske avvik		1.250.000	1.250.000
Sum	1.200.000	2.450.000	4.450.000

Driftsbudsjett	2016	2017-20	Sum
Administrasjonsdel, 1930-bygget	235.000	320.000	555.000
Omsorgsbustader 1991	100.000	1.200.000	1.300.000
Sjukeheim, 2001	120.000	660.000	780.000
Omsorgsbustader, 2001		250.000	250.000
Sum	455.000	2.430.000	2.885.000